

Til årsmøtet i
Sameiet Hallbjønn Ap. Stølsgrenda

REVISJONSMELDING FOR 2007

Vi har revidert årsrekneskapen for Sameiet Hallbjønn Ap. Stølsgrenda for rekneskapsåret 2007 som syner eit årsoverskot på kr 95 629,66. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapet og føresetnaden om at drifta skal halde fram. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysning i notar. Rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg er bruka ved utarbeiding av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.


Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, under dette revisjonsstandarder vedteke av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gjev oss den tryggleik vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, rekneskapsprinsippa som er nytta og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjonen også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontrollsystema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gjev eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit rettvisande bilete av selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2006 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk i Noreg.
- leiinga har oppfylt si plikt til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistent med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Vinje , den 29. mars 2008

REVISORTEAM VEST TELEMAR AS



Vette H. Olsnes
reg.revisor